

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
027/15	Formannskapet	PS	25.02.2015
030/15	Kommunestyret	PS	11.03.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Torleiv Frotjold	FA - D11, HistSak - 11/823	14/305

Godkjenning av ferdigstilling av klubbhus

Vedlegg

Plan 2. etasje

Snitt teikning

Plan 1 etasje

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner at klubbhuset vert ferdigstilt etter rimelegaste anbod, og innafor ei kostnadsramme på kr. 4.900.000 eks mva. Kostnaden, kr. 4.900.000, vert dekkja med avsette lånemidlar frå 2014 med kr. 3.150.000 og kr. 1.750.000 frå sal av Årås barnehage.

Formannskapet - 027/15

FS - behandling:

Tal i saka vert endra slik at desse vert rett.

Framlegg frå rådmannen vart tilrådd med 3 røyster mot 1 røyst(Ernst Stellberg).

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner at klubbhuset vert ferdigstilt etter rimelegaste anbod, og innafor ei kostnadsramme på kr. 4.900.000 eks mva. Kostnaden, kr. 4.900.000, vert dekkja med avsette lånemidlar frå 2014 med kr. 3.150.000 og kr. 1.750.000 frå sal av Årås barnehage.

Kommunestyret - 030/15

KS - behandling:

Formannskapet si tilråding vart vedteke med 14 røyster mot 3 røyster (Ernst Stellberg, Nils Ove Vassdal og Ernst Stellberg).

KS - vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner at klubbhuset vert ferdigstilt etter rimelegaste anbod, og innafor ei kostnadsramme på kr. 4.900.000 eks mva. Kostnaden, kr. 4.900.000, vert dekket med avsette lånemidlar frå 2014 med kr. 3.150.000 og kr. 1.750.000 frå sal av Årås barnehage.

Saksopplysninger:

Viser til tidlegare saksgang, og vedtak i sak KS 125/14:

"Rådmannen får fullmakt til å forkaste innkomne anbod, og ta kontakt med tilbydarane for å starte forhandlingar om pris med tanke på å få kostnadene innafor tildelt ramme."

Dette vart gjort fordi tilboda som kom inn, bar preg av at det kunne ha vore mistydingar knytt til oppdraget. Vi har no fått inn to tilbod, og hatt dialog med tilbydarane for å kvalitetssikre prisane. Rimelegaste tilbod er på kr. 4.200.000, - eks. mva. I tillegg kjem administrasjonskostnader og prosjektoppfølgning med eit påslag på 10%, og vi endar på kr. 4.620.000 eks. mva.

Tilbod:	kr. 4.470.000
Adm/prosjektleiing (10%)	<u>kr. 447.000</u>
Sum	<u>kr. 4.917.000</u>

Inkludert i tilbodsprisen er også parklys mellom klubbhuset og Årås skule, og langs utvendig gangveg opp til inngangsparti i 2. høgd av klubbhuset.

Vurdering

Med dette får vi eit tenleg kombinert klubbhus, der det er funksjonelle rom for klubbaktivitetar, møte og undervisning. Austrheim kommune får sårt tiltrengte møtelokale og lokale der ein kan samle vaksenopplæringa og deira behov for kontorplass, og idrettslaget får eit godt tenleg klubbhus.

Endringar frå opprinnelege teikningar:

- Areal for garderober/dusj i underetasjen vert omgjort til to undervisningsrom. Det vert utført på ein måte som gjer det lett å tilbakeføre til opprinneleg plan.
- Det vert sett inn vindauge i langveggane på undervisningsromma i underetasjen.
- Det vert bygd eit trappehus på utsida av bygget – trapp mellom etasjane.

Rom elles er som opprinneleg planlagt: Speakerbu, kjøkken, toalett og reingjeringsrom i 2. høgd, garasje, lager, tekniske rom, toalett og dommargarderobe m/dusj i 1. etasje. Universell utforming er

ivaretatt.

Dette gir følgjande løysingar for møteverksemd og vaksenopplæring: Eit undervisningsrom og kontorareal i 2.høgda. Eit stort møterom/undervisningsrom i 2. høgda. To undervisningsrom i underetasjen.

Konklusjon

Klubbhuset vert ferdigstillt etter rimelegaste anbod, og innafor ei kostnadsramme på kr. 4.900.000 eks. mva.